



KARANTENENEMNDA

Odd Steinar Åfar Viseth

Vår dato	Din dato	Vår referanse
02. februar 2023	23. januar 2023	Sak 23/486

Avgjerd i samband med overgang til verv som styremedlem i Fordypningsrommet Fleinvær AS og retablering av næring

Vi viser til meldinga frå deg til Karantenenemnda mottatt 23. Januar 2023. Karantenenemnda har behandla saka di. I behandlinga deltok medlemmane Hill-Marta Solberg (leiar), Gunnar Hæreid, (nestleiar), Bernt Jørgen Stray, Steinulf Tungesvik og Ragna Aarli.

Vedtak

Karantenenemnda har gjort vedtak om at du ikkje skal ha karantene, saksforbod eller annan reaksjon i samband med overgang frå embete som statssekretær i Samferdselsdepartementet til vervet som styremedlem i Fordypningsrommet Fleinvær AS. Det same gjeld for retableringa av næringssverksemda Odd Travel. Nemnda har kome fram til at det er upproblematiske etter karantenelova at du går inn i dette vervet. Karantenenemnda ser det som svært kritikkverdig at du ikkje har gitt informasjon innan dei fristane som er regulerte i lova

Rettsleg grunnlag

Av karantenelova § 6 går det fram om karantene at:

Karantenenemnda kan, ved overgang til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen eller etablering av næringssvirksomhet, i særlege tilfeller ilette en politiker karantene i inntil seks måneder etter fratrede når

- a) *det foreligger en konkret forbindelse mellom politikerens tidligere ansvarsområder, arbeidsoppgaver i den politiske stillingen eller bestemte saker som var til behandling i departementet i politikerens funksjonstid, og interessene til den virksomheten politikeren blir tilknyttet eller etablerer, eller*
- b) *politikerens tidligere ansvar og arbeidsoppgaver har gitt eller kan gi virksomheten politikeren blir tilknyttet eller etablerer særlege fordeler, eller*
- c) *overgangen på annen måte kan være egnet til å svekke tilliten til forvaltningen generelt.*

Av karantenelova § 7 går det fram om saksforbod at:

Karantenenemnda
Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep, 0032 OSLO
E-post: Karantenenemnda@kdd.dep.no

Karantenenemnda kan i særlege tilfeller, dersom ett eller flere av vilkårene i § 6 er oppfylt, ilette en politiker saksforbud i inntil tolv måneder etter fratreden. Saksforbud kan ilettes i stedet for eller i tillegg til karantene.

Dersom det foreligger særlig tungtveiende grunner, kan det ilettes et saksforbud i inntil tolv måneder i tillegg til en karantene på inntil seks måneder.

Av karantenelova § 5 går det fram om informasjonsplikta:

Senest tre uker før overgang til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen eller etablering av næringsvirksomhet, plikter politikeren å gi alle nødvendige opplysninger Karantenenemnda trenger for å fatte vedtak, inkludert opplysninger om tidligere embete eller stilling og den nye stillingen, vervet eller virksomheten.

Informasjonsplikten gjelder alle overganger til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen og all etablering av næringsvirksomhet innen tolv måneder etter fratreden som politiker, også der overgangen eller etableringen ikke skjer direkte etter fratreden.

Karantenelova kapittel 5 har reglar om brot på regelverket.

Av karantenelova § 20 første og andre ledd går det fram:

Ved grovt uaktsom eller forsettlig overtredelse av bestemmelser i eller gitt i medhold av loven, eller i vedtak fattet i medhold av loven, kan Karantenenemnda eller tilsettingsmyndigheten gi pålegg om å betale overtredelsesgebyr til statskassen.

Ved vurderingen av om overtredelsesgebyr skal ilettes, og ved utmålingen, skal det særlig legges vekt på overtredelsens grovhetsgraden av skyld, om overtrederen har hatt eller kunne ha oppnådd noen fordel ved overtredelsen, overtrederens økonomiske evne og den preventive effekten.

Saksforholdet

Du var statssekretær i Samferdselsdepartementet (SD) fra 1 mars 2022 til 13. juni 2022. I embetet hadde du ansvar for blant anna Jernbane og miljø.

Du har starta i verv som styremedlem i Fordypningsrommet Fleinvær AS i juni 2022. Du har lenge hatt ein betydeleg eigenandel i dette selskapet og hadde også det når du var i embetet.

Du har også opplyst at du skal skrive ei reisebok, som er eit oppdrag i selskapet ditt Odd Travel.

Karantenenemndas vurdering av saksforbod og karantene

Karantenenemnda har vurdert om det ligg føre eit særleg tilfelle som kan gje grunnlag for saksforbod eller karantene. Nemnda meiner at vilkåra ikkje er oppfylte. Overgangane er uproblematiske etter karantenereglane.

Brot på informasjonsplikta

Nemnda viser til at det etter karantenelova § 5 gjeld ei informasjonsplikt i eit år etter avslutta verv som politikar. Alle overgangar til stillingar, verv og etablering av næringsverksemd skal informerast om til nemnda. Fordi du ikkje varsla om overgang til vernet som styremedlem i samsvar med kravet i karantenelova § 5, har du ikkje overhalde informasjonsplikta.

Karantenenemnda ser det som svært kritikkverdig at du ikkje har gitt informasjon innan dei fristane som er regulerte i lova. Nemnda viser til at politikarar blir gjort merksame på informasjonsplikta av Statsministerens kontor når dei sluttar. Nemnda har vurdert å gi brotsgebyr etter Karantenelova § 20 men valt å ikkje gi det i dette tilfelle.

Nemnda understrekar at informasjonsplikta gjeld for alle overgangar som er omfatta av karanteneloven.

Rett til å sjå saksdokumenta

Du har rett til å sjå dokumenta i saka. Sjå forvaltningslova § 18 jf. § 19.

Informasjonsplikt

Avgerda i denne saka gjeld den konkrete overgangen som er behandla. Dersom du innan eitt år går til ei ny stilling eller eit nytt verv må du melde inn dette til nemnda for vurdering.

Hill Martha Solberg (leder)
(sign.)

Gunnar Hæreid (nestleiar)
(sign.)

Bernt Jørgen Stray
(sign.)

Steinulf Tungesvik
(sign.)

Ragna Aarli
(sign.)

Vedtaket frå Karantenenemnda er godkjent elektronisk og inneholder ikkje signatur.

Kopi:
Statsministerens kontor
Forsvarsdepartementet
Fordypningsrommet Fleinvær AS